

# Møteinnkalling

---

**Utval:**       **Folgefonna nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:**   , Epost  
**Dato:**        28.03.2019  
**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. xxxx. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 9/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 10/19	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 11/19	Uttale til høyring av Regionalt Miljøprogram i landbruket i Vestland fylke - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019		2019/4171
ST 12/19	Folgefonna nasjonalpark - Søknad om å fly med drone for å filme til Rosendal toppturfestival Gygrastol og Omnatind - Rosendal Event		2019/7365

**ST 9/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 10/19 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2019/4171-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 19.03.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	11/19	28.03.2019

## Uttale til forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket i Vestland - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019

### Innstilling frå forvaltar

Viser til høyring av forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP) i Vestland som Fylkesmannen i Vestland har lagt ut på si heimeside.

I tidlegare forskrift for RMP i Sogn og Fjordane fylke har det vore tilskot til beitedyr i verneområde. Dette har vore ei god ordning som stimulerte til å ha beitedyr i verneområda der. I verneområde der verneføremålet er å ta vare på kulturlandskap med beitelandskap, er beiting med husdyr det viktigaste tiltaket for å ta vare på verneverdiane. Utan beitedyr vil landskapet gro att, og det biologiske mangfaldet vert redusert. I Regionalt miljøprogram for Vestland 2019-2022 står det fylgjande; «Eit aktivt og berekraftig landbruk, særskilt husdyrbruk, er den beste måten å ta vare på og oppretthalde kulturlandskapet og dei verdiane som ligg i eller er knytte til dette landskapet».

Å ta vare på og oppretthalde kulturlandskapet i verneområde med kulturlandskap som verneføremål er eit nasjonalt ansvar. Verneområdestyret vil peike på at å stimulere til husdyrbeite i desse områda der forholda ligg til rette for det, er heilt avgjerande for å ta vare på desse verdifulle kulturlandskapsområda. I Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt er det fleire stader behov for eit høgare beitetrykk for å hindre attgroing av stølsvollar og viktige beitemarker.

I framlegg til ny forskrift kan det søkjast om tilskot til drift av beitelag. Dette er ei god ordning, men krev at det er minst to medlemmer i beitelaget. I fleire område er det i dag berre ein gardbrukar med beitedyr i verneområdet. Det er ekstra viktig at denne eine gardbrukaren framleis slepp beitedyra i desse områda, og ein ynskjer å stimulere til at fleire grunneigarar skal kunne gjere det same sjølv om dei ikkje er organisert i eit lag. Det har stor verdi både for verneverdiane og for å nytta dei verdifulle utmarksressursane. I tillegg har verneområda med

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



natur- og kulturlandskapet stor opplevingsverdi, og er viktig for reiselivsnæringa. Aktiv landbruksdrift med beitedyr er den beste måten å formidle det historiske landskapet på til fastbuande og besøkjande.

Verneområdestyret vil rå til at ordninga med tilskot, slik det har vore i Sogn og Fjordane fylke, per dyr slept på beite i verneområde vert vidareført i RMP i Vestland, men med klare krav til kva område tilskotet gjeld for. Det bør vere krav om at tilskot til beitedyr i verneområde skal gå til verneområde med kultur - og beitelandskap som verneføremål. Denne ordninga bør komme i tillegg til tilskot til drift av beitelag.



Arkivsaksnr: 2019/7365-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.03.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	12/19	28.03.2019

## Folgefonna nasjonalpark - Søknad om å fly med drone for å filme til Rosendal toppturfestival Gygrastol og Omnatind - Rosendal Event

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Rosendal Event løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 04. – 07. april 2019.
- Løyvet gjeld for inn til 30 minutter flytid på kvar lokalitet.
- Løyvet gjeld innafor Folgefonna nasjonalpark på strekninga Ænes-Gygratolen og strekninga Myrdal-Omnatind
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks avbryte filminga
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på tlf: **970 23 013**
- Rapport over utført fyking skal sendast til [fmvlp@fylkesmannen.no](mailto:fmvlp@fylkesmannen.no). Referanse 2019/7365.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



## Saksopplysningar

Rosendal Event søkte i epost 18.03.2019 om å bruke drone til å filme under arrangementet Rosendal Toppturfestival 2019, som er planlagt 04.-07. april 2019. Festivalen arrangerer turar til blant anna Gygrastol og Omnatind, som begge ligg innafor grensa til Folgefonna nasjonalpark. I fjor fekk dei løyve til å filme og filmen er blitt brukt av VisitBergen, VisitHardangerfjord, Visitsunnhordland og Rosendal Event har sjølv publisert film på sine facebook-sider med løyve frå nasjonalparkstyret.

Rosendal Event søker om løyve igjen i år, fordi dei ser dette som ein del av eit viktig promoteringsarbeid Kvinnherad. Destinasjonsselskapa i Noreg arbeider effektivt om dagen for å utvide turistsesongen. Vi har eit stort potensiale i vinterturisme også i Rosendalsområdet. Dette vil være med å skape større aktivitet for hotella, spisestadane og butikkane i Kvinnherad.

## Vurdering

### Lovheimel:

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:  
*Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.*

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

### Vurdering av saken

Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyre om dispensasjon gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. I så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon. Produksjon av naturfilm og naturinformasjon har tidlegare fått løyve til bruk av helikopter til filming. I slike tilfelle kan bruk av drone ha mindre påverknad enn alternativet med helikopter og det vert vurdert. Lovar og regler legg ikkje opp til filming med drone til privat bruk, dokumentering av aktivitet, marknadsføring av einskildaktivitetar og bedrifter mm.





Delar av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av dronedyking på denne tida av året (databasane er sist sjekka 01.04.2018). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på droner, særleg når dei dannar territorier rundt hekketida. For å unngå skade på fugl og forstyring skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. For å filme frå lufta i nasjonalparken er det berre drone eller filming frå helikopter som er aktuelt. Droner er mykje meir skånsamme for verneverdiane å bruke enn helikopter, då dei er mindre, bråkar mindre og krev mindre flytid. Det er veldig populært å ha droner for tida og faren med å gje eit løyve er at folk som ser ein drone som fyker i området har lite moglegheit for å vite om ein treng løyve for å fly lovleg. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd er når ein er på ein lokalitet og filmer, slik at publikum skjønner at det ikkje er fritt fram å filme med dronar i verneområdet. Det vert også sett krav om å merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret, då det er elles er vanskeleg for publikum å vite dette.

I dette tilfellet meiner ikkje forvaltar at bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å kjøre på sundagar og heilag dagar for å unngå konflikt med anna friluftsliv og unødig forstyring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den førebels som avgrensa. Om mengda dronedyking aukar betrakteleg, må ein vurdere samla belastning på nytt. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av ulovleg dyking i verneområdet og det viktigaste er å informere om regelverket. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.